



Referansar: KM 5/09

Saksdokument:

Antologi ressursdokument (vil liggje føre i januar 2013)

# KYRKJE 18 30

## Samandrag

I 2009 handsama Kyrkjemøtet saka «Myndig tru – mangfaldige fellesskap. Kyrkje med aldersgruppa 18–30 år». Innhaldet i vedtaket frå Kyrkjemøtet 2009 utfordrar Den norske kyrkja på alle plan til å vidareutvikle og fornye arbeidet med aldersgruppa 18–30. I samband med dette bad Kyrkjemøtet om å få attende ei større strategisak med bakgrunn i eit breiare erfaringsmateriale frå bispedøme, organisasjonar og kyrkjelydar. Det vart oppmoda om at ressursdokumentet «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» skulle vidareutviklast som ressurs til kyrkjelydar og organisasjonar. Det vart presisert at denne ressursen måtte ha ei form som kan inspirere til samtale og refleksjon i kyrkjelydane, slik at det kan utviklast lokale strategiar. Det vart også vedteke at satsinga på aldersgruppa skulle innarbeidast i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja gjennom formuleringa: «*Aldersgruppa 18–30 skal erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament.*»

Kyrkjerådet har sett i gang ein prosess med å styrkje satsinga med fornying og vidareutvikling av Kyrkje 18–30 ved å arbeide strategisk med *involvering av ulike fagmiljø i kyrkja, kartlegging, innsamling og deling av erfaringar på nettstaden [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no), og utvikling og utprøving av nye tiltak*. Målet med satsinga Kyrkje 18–30 er å styrkje medvit og kunnskap om korleis kyrkja kan vere livsnær, relevant og tilgjengeleg for unge vaksne.

Det er fleire særlege grunnar til at kyrkja bør fokusere og styrkje satsinga på aldersgruppa 18–30 år. Nokre av dei viktigaste er:

- Kyrkje 18–30 handlar om *breidda av alle døypte* i Den norske kyrkja – uavhengig av kor sterkt ein er engasjert i kyrkja. Aldersgruppa 18–30 år utgjer 1/6 av dei som høyrer til kyrkja. Kyrkja har eit ansvar for alle døypte samstundes som alle døypte er kyrkja og har eit felles ansvar for kyrkja.

- Kyrkje 18–30 handlar om at menneske i denne aldersgruppa *ikkje utgjer ei einsarta gruppe*. Dei er like forskjellige som andre menneske i andre generasjonar. I løpet av aldersspennet er det derimot eit kjenneteikn at ein kan vere i *ulike livsfasar* som uetablert, etablert utan barn og etablert med barn.
- Kyrkje 18–30 handlar om å sjå denne aldersgruppa i samband med all *verksemd, alle planar og reformer* i kyrkja. Det handlar om korleis satsing på trusopplæring, gudstenesteliv, diakoni, kultur, demokrati og berekraftig utvikling kan samspele med kvarandre slik at arbeidet også inkluderer unge vaksne. Saka er såleis eit bidrag til kyrkjelydsutvikling.
- Kyrkje 18–30 synleggjer at nokre av dei *temaa som aldersgruppa 18–30 er oppteken av*, som til dømes oppbrot og mobilitet, identitetsdanning og kriser, relasjonar og tilhøyrslar i eit fellesskap, vener og familie, val og utdanning, engasjement for lokalsamfunnet, urett i verda osv., kan vere indikatorar på noko som angår heile kyrkja og utfordrar til korleis vere kyrkje i vår tid.
- Kyrkje 18–30 handlar i stor grad om å vere kyrkje i vår tid – for alle. I kartleggingane som er gjorde, har det kome fram at det handlar om *mangfald og kvalitet* tilpassa ulike aldersgrupper og fasar i livet, fellesskap som utrustar til at ein kan leve og vekse i trua, og kva som er moglege møteplassar mellom unge vaksne og kyrkja i ulike fasar i livet. Kyrkja må vere ein stad som gir unge vaksne hjelp til å binde saman tru og eiga livshistorie.
- Kyrkje 18–30 framhevar at *kasualia* er undervurdert som kyrkjeleg møteplass med unge vaksne. Dåpstalet i Den norske kyrkja har vore stabilt dei siste åra. I 2011 var om lag halvparten av dei 80 000 dåpsforeldra under tretti år. Kyrkjeleg brurevigsel har derimot hatt ein dramatisk nedgang dei siste åra, nedgangen var på 10 prosent siste året. I 2010 var det i alt 23 577 inngåtte ekteskap, av dei var 9 898 kyrkjelege brurevigslar. I 2011 var talet på inngåtte ekteskap 23 135, av dei var 9 067 kyrkjelege brurevigslar. Tala frå kyrkjeleg årsstatistikk syner at kasualia som tilknytingspunkt med denne aldersgruppa er eit strategisk satsingsområde i kyrkja. Gjennom dei kyrkjelege handlingane er kyrkja ein arena for å møte menneske i viktige fasar i livet. Dei nye liturgiane oppmodar til involvering av aktørane i høve til desse handlingane. Gjennom vigselssamtalen og brurevigsel har kyrkja gode rammer for å forkynne om kjærleik og samliv, slik at det kan medverke til livstolking og livsmeistring.
- Kyrkje 18–30 handlar om at *unge vaksne er ressursar i kyrkja*. Denne aldersgruppa må ikkje objektiverast som ei målgruppe, men dei kan sjølve utfordrast på kva som er deira ynske og behov når det gjeld møteplassar og tiltak i kyrkja. Kyrkja treng at engasjerte unge vaksne er leiarar i kyrkja, men dei må ikkje berre få ansvar, dei må også få fellesskapsopplevingar og samhald der dei får vere deltakarar og ikkje berre bidragsytarar. Kyrkja er ein stad der ein både kan gi og ta imot.

Saka «Kyrkje 18–30» er i prosess på ulike nivå i kyrkja. Med at saka kjem attende til Kyrkjemøtet i 2013, ynskjer Kyrkjerådet å medverke til refleksjon, gi tilgang til ressursar og inspirasjon til handling om kva som er kyrkjens eigentlege oppdrag. Det har ikkje vore eit mål å kome med ei uttømmende liste med tiltak, men å lyfte fram moglegheiter, slik at

det kan utviklast gode strategiar i kyrkjelydane, institusjonane og organisasjonane. Denne saka ber difor preg av å få fram erfaringar frå breidda av kyrkja, reflektere over utfordringar og peike på alternativ for handling. Om Kyrkje 18–30 vert ei vellukka satsing, vil vere avhengig av samspel mellom fleire forhold: initiativ og innsats frå enkeltpersonar, råd og utval, organisasjonar og institusjonar.

## Framlegg til vedtak

Kyrkjerådet tilrår Kyrkjemøtet å gjere fylgjande vedtak:

1. Det er framleis behov for å vidareutvikle og fornye kyrkja med aldersgruppa 18 – 30 år. Kyrkjemøtet oppmodar kyrkja på alle plan om å leggje opp til ein samtale og prosess for å *utvikle eigne strategiar* som kan medverke til ei livsnær, relevant og tilgjengeleg folkekyrkje for unge vaksne. Dette vil bidra til ei fornya folkekyrkje – for alle.
2. Saka har avdekt nokre særskilde område som er avgjerande for å vere kyrkje med denne aldersgruppa:
  - Dei kyrkjelege handlingane som dåpssamtalen/dåpsgudstenesta og vigselssamtalen/brurevigsel er sentrale møtestader med denne aldersgruppa og må styrkjast som ramme for livstolking og livsmeistring.
  - Forkynninga må vere relevant og tale sant om livet og om Gud.
  - Kyrkja sine fellesskap og møtestader må vere mangfaldige i uttrykksform, breidd og djupn.
  - Kyrkja må vere der folk er.Kyrkjemøtet oppmodar kyrkja på alle plan til refleksjon og handling for å vidareutvikle og fornye kyrkja på desse områda. Antologien vil vere ein ressurs i dette arbeidet.
3. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om å *trykkje opp og sende ut antologien* som ein ressurs til alle lokale og regionale ledd i kyrkja, organisasjonar, studentprestar, feltprestar, fagorganisasjonar og utdanningsinstitusjonar. Antologien kan nyttast i råd og utval, i utdanningssamanheng og som innspel til fagleg utviklingsarbeid.
4. Kyrkjemøtet erkjenner at det er mange pågåande satsingsområder i Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet oppmodar difor sokneråda om å konkretisere på kva måte unge vaksne i kyrkjelyden sine behov og ressursar kan *inkluderast i kyrkjelyden si verksemd og alle planar* for kyrkjelyden. Kyrkjemøtet oppmodar kyrkjelydane om å kartleggje kva for ressursar dei har i lokalmiljøet, kva dei kan vidareutvikle og om det er behov for å skape nokre nye møtestader. Dette gjeld òg *samisk kyrkjeliv*.

5. Kyrkjemøtet meiner at *nettstaden www.kyrkje18-30.no* er ein viktig kommunikasjonskanal for deling av ressursar, artiklar og drøfting. Kyrkjemøtet ber om at nettstaden vert vidareutvikla som ein arena for inspirasjon og erfaringsdeling.
6. Sjølv om det allereie er sett i gang prosessar som har medverka til at det er teke strategiske grep, er det framleis behov for vidare fagutvikling innan Kyrkje 18–30. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet, i samarbeid med andre fagmiljø, om å *utvikle fleire pilotprosjekt* med ressursar for ulike typar av tiltak. Det gjeld til dømes tiltak innan kyrkjelege handlingar, breiddetiltak på merkedagar, kommunikasjonsformer og temaopplegg.
7. Det er naturleg at ein vidare i fagutviklinga tek i bruk dei arenaene som allereie er i kyrkja, til dømes strukturane i bispedøma, fagmiljø, institusjonar, kristne ungdomsorganisasjonar og misjonsorganisasjonar. Kyrkjemøtet oppmodar breidda av kyrkjelydar, frivillige, organisasjonar og institusjonar om å *involvere kvarandre og samarbeide* for å medverke til vidare utvikling av tiltak og møtestader.
8. Kyrkjemøtet ber *utdanningsinstitusjonar* som særleg utdannar til kyrkjeleg teneste og *fagforeiningar og interesseorganisasjonar* om at dei temaa som er tekne opp i saka får prege innhaldet i grunn-, vidare- og etterutdanningstilbod.
9. Kyrkjemøtet oppmodar kyrkja på alle plan om å *rekruttere* unge vaksne til kyrkjeleg teneste.

# Saksorientering

## Bakgrunn

*Ung i kyrkja* har frå 1993 vore eit satsingsområde og ein del av strategiplanen til Den norske kyrkja. I byrjinga vart *Ung i kyrkja* definert som aldersgruppa 15–30 år. Arbeidet med *Ung i kyrkja* førte mellom anna til utvikling av den ungdomsdemokratiske strukturen i Den norske kyrkja. Etter starten av trusopplæringsreforma med målgruppa 0–18 år uttala Ungdommens kyrkjemøte (UKM) i 2004 at det er viktig å styrkje kyrkja sitt arbeid med unge vaksne i aldersgruppa 18–30 år. Ei kyrkje med unge vaksne må byggje på trusopplæringa som skjer i ungdomsfasen.

Det vidare arbeidet i Kyrkjerådet førte til eit prosjektsamarbeid mellom Kyrkjerådet og Det teologiske Menighetsfakultet. I 2007 vart det sett ned tre arbeidsgrupper: i Oslo, Stavanger og Nord-Hålogaland bispedøme. Ut frå sin lokale kontekst skulle desse arbeidsgruppene arbeide med kva utfordringar denne aldersgruppa gir til kyrkja, kva som kjenneteiknar aldersgruppa, kva aldersgruppa er oppteken av, og kva strategiske vegval ein må ta i Den norske kyrkja i det vidare arbeidet med denne gruppa. Hovudinnspel frå arbeidsgruppene var:

- at kyrkjeleg arbeid med og for denne aldersgruppa må ta på alvor at dette er menneske som er medvitne om at dei vil vere subjekt i eiga tru og difor leitar etter ei relevant kyrkje.
- at kyrkjeleg arbeid med og for denne aldersgruppa må ta på alvor spennet og ulikskapane i aldersgruppa (uetablert/etablert, med og utan barn), knytte til sosiale tilhøve, grad av engasjement og kva type gudstenesteprofil ulike unge menneske ynskjer. Desse prosjekta gav innspel til saka «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» på Kyrkjemøtet i 2009.

Ungdommens kyrkjemøte (UKM), ungdomsråd og ungdomsting har gitt viktige bidrag i saker som er av stor betydning for kyrkja. UKM har i fleire saker dei siste åra peika på at arbeidet med å kartleggje kva som kan gjerast for å inkludere aldersgruppa 18–30 i kyrkja sitt fellesskap, står overfor mange utfordringar. Og dei har i særleg grad vore pådrivarar for at gudstenesta kan verte meir involverande, fleksibel og stadeigen. Kyrkja er utfordra til å arbeide vidare med fellesskap, relasjonar, ulik alder og livssituasjon, geografi og tradisjon. Desse utfordringane danna bakgrunn for saka som vart handsama på Kyrkjemøtet i 2009.

UKM ynskje at Kyrkjemøtet særleg skulle drøfte:

- 1) Møtestader utanfor gudstenesta
- 2) Gudstenesta som møtestad
- 3) Vidare forskning på aldersgruppa 18–30 og vår relasjon til kyrkja.

Myndig tru – mangfaldige fellesskap (KM 05/09) presenterte ei grunnlagstenking for ei satsing på aldersgruppa 18–30 år og var meint å vere eit strategidokument. Her fokuserte ein både på aldersgruppa som ein viktig ressurs for kyrkja og på at denne aldersfasen er ei

kritisk og strategisk viktig tid – både for dei som er i aldersgruppa, og for kyrkja sjølv. Dette utfordrar kyrkja på å kome i tettare dialog med denne aldersgruppa, med deira livsverd og grunnleggjande erfaringar. Dette kan skje både gjennom møte og samtalar ein til ein og gjennom utvikling av relevante og livsnære fellesskap. Saksdokumentet ”Myndig tru – mangfaldige fellesskap” fokuserte på fylgjande hovudpunkt:

1. Mange i aldersgruppa 18–30 år er svært engasjerte og kreative og ber på ynske om å fornye kyrkja. Det er mellom anna i denne aldersgruppa det er flest menneske som melder seg ut av kyrkja.

2. I møte med ei aldersgruppe som meir enn mange andre er mobil, og som famnar mange livsfasar, held ein fram kor viktig det er at kyrkja i denne aldersfasen opnar for eit mangfald av fellesskap.

*Vedtaket frå Kyrkjemøtet i 2009* utfordrar Den norske kyrkja på alle plan til å vidareutvikle og fornye arbeidet med aldersgruppa 18–30.

Ungdommens kyrkjemøte har jamleg teke opp saker som er relevante inn mot aldersgruppa 18–30 år. UKM har mellom anna teke opp Kyrkje som fellesskap – Kva vil det seie å vere evangelisk luthersk kyrkje i dag (04/09) og Kirken i møte med kristne innvandrere (07/09). Kjenneteikn i desse sakene er ynske om at Den norske kyrkja skal vere ei open folkekyrkje der det er rom for trusuttrykk frå ulike kulturar, og open for alle som vil vere ein del av fellesskapet der trua på Jesus Kristus er grunnlaget. I sak 03/10, Kom, – og Gå! Misjon i dag, seier UKM at forkynning gjennom handling er ein viktig del av misjon og bør brukast aktivt og bevisst. I saka der UKM handsama Strategier for ungdomsarbeidet i Plan for samisk kirkeliv (07/10), vart det sagt at det viktigaste for satsinga på samisk ungdomsarbeid må vere å skape møtestader. Saka Tru og kyrkje i det offentlege rommet (05/11) omhandlar at Den norske kyrkja har eit unikt perspektiv å tilføre samfunnsdebatten. Kyrkja må sjå si rolle som ein samfunnsaktør ut frå sin kristne ståstad. I saka om Psykisk helse (07/11) ber UKM kyrkjelydane om å ta tema om psykisk helse opp i forkynninga, på temakveldar, i leiartrening og andre stader der kyrkjelyden møtest. Rekruttering til kyrkjeleg teneste (08/11) peikar på at når unge menneske vert sedde, bekrefta og utfordra til å vere med og delta i kyrkja, er det lettare å tenkje tanken om kyrkja som framtidig arbeidsplass. UKM 2012 har arbeidd med innspel til saka Kyrkje 18- 30; særleg med tanke på kva som er relevant forkynning, og dei har utarbeidd nokre kartleggings- og refleksjonsspørsmål.

Fleire andre tema og område som det er skrive om på nettsida [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no), er også handsama på UKM.

Planane og reformene som Kyrkjemøtet har vedteke dei siste åra, angår òg unge vaksne i kyrkja. I arbeidet med Kyrkjeordning (08/07) vart det presisert at kyrkjeordninga må formulere kyrkja si oppgåve, som omfattar forkynning av evangeliet og forvaltning av sakrament i gudstenestefeiring og kyrkjelege handlingar (dåp, konfirmasjon, brurevigsjar og gravferd), trusopplæring, sjelesorg, diakoni, kyrkjemusikk, misjon og kyrkjeleg kulturarbeid. Dette er oppgåver som må løysast lokalt. Den kyrkjelege strukturen skal støtte opp om kyrkjelydane si løysing av desse oppgåvene. Trusopplæringsreforma (07/08) legg vekt på livslang læring og at trusopplæring i dei fyrste leveåra i stor grad

handlar om foreldre og fadrar. Ei kyrkje med unge vaksne må òg byggje på trusopplæringa som skjer i ungdomsfasen. «Gudstenestereforma» (2011) utfordrar kyrkjelydane mellom anna til å utvikle gudstenester som vert gjorde stadeigne, involverer alle generasjonar og er fleksible. Diakonien er eit hovudaspekt ved kyrkja sitt oppdrag og må gjennomsyre heile kyrkja sitt liv. «Plan for Diakoni» (06/07) handlar mellom anna om nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. I kulturmeldinga «Kunsten å være kirke»(07/05) vert kyrkja utfordra til å opne for ein større variasjon av kulturuttrykk. Kulturperspektivet må prege arbeidet med trusopplæring, gudstenesteliv, diakoni og «ung i kyrkja». Omvendt må erfaringane frå desse områda vere med på å forme det arbeidet kyrkja gjer i tilknytning til kunst og kultur. «Demokratireforma» (12/12) utfordrar til større deltaking og auka breidde i det kyrkjelege demokratiet. «Skaparverk og bærekraft» (05/08) vil at kyrkja skal vere ein sentral pådrivar for og bidragsytar til berekraftige samfunn lokalt, nasjonalt og globalt. Den norske kyrkja har eit særleg ansvar for samisk kyrkjeliv og for at samisk kyrkjeliv kan utviklast i pakt med samisk sjølvforståing og samiske tradisjonar («Strategiplan for samisk kyrkjeliv» (08/11)).

Kyrkje 18–30 handlar om at dette ikkje er ei einsarta gruppe. Det handlar om å sjå denne aldersgruppa saman med all verksemd og alle reformer i kyrkja.

## **Utvikling av Kyrkje 18–30**

### **Oppdraget**

I 2009 handsama Kyrkjemøtet saka «Myndig tru – mangfaldige fellesskap. Kyrkje med aldersgruppa 18–30 år». Kyrkjemøtet gjorde dette vedtaket:

1. Kyrkjemøtet utfordrar Den norske kyrkja på alle plan til å vidareutvikla og fornya arbeidet med aldersgruppa 18–30 år. Det er viktig at dette blir gjort i samarbeid med ungdomsorganisasjonar og aktuelle institusjonar i landet vårt. Satsing på denne aldersgruppa er avgjerande for framtida til folkekyrkja.
2. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om å vidareutvikla ressursdokumentet «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» til eit ressurshefte som blir tilgjengeleg for alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja og for organisasjonane, og kjem med desse kommentarane:

Kyrkjemøtet vil understreka at målsetjinga med ressursdokumentet må vera at kyrkjelydane blir inspirerte til å arbeida for og med menneske i alderen 18–30 år.

Kyrkjemøtet meiner at ressursdokumentet er eit godt utgangspunkt, men må gjerast mindre akademisk og meir presist. Ein treng også å gjennomgå faktaopplysningane for å få fram både ressursar og utfordringar i denne aldersgruppa.

I tillegg bør desse perspektiva innarbeidast i ressursdokumentet:

1. Folkekyrkja med dei møteplassar og tilknytingspunkt ho gir.
2. Breidda av etniske, sosiale og kulturelle erfaringar.
3. Trender og kulturuttrykk i denne aldersgruppa.
4. Kyrkja som eit fellesskap der mangfald, deltaking, håp og tillit er viktige verdiar.

3. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet innarbeida punktet nedanfor i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja under satsingsområdet «Kyrkje for 18–30»:

«Aldersgruppa 18–30 skal erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament.»

4. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet, saman med bispedømmeråda og kyrkjelydane, om å få fram eit større erfaringsmateriale. Kyrkjemøtet ber om å få saka tilbake som ei strategisak innan tre år.

### **Avgrensing av saka**

Kyrkjemøtet bad om å få ei strategisak attende til handsaming. Samstundes har det vore uttrykt at det ikkje er ynskjeleg med ein ny plan. Kyrkjerådet har ynskt å skape ein prosess og setje temaet på dagsordenen gjennom å etterspørje og få fram kva som skjer i kyrkjelydane, organisasjonane, hos råd og utval, på studiestadane og i militæret. Det har vore viktig å få inn eit breitt erfaringsmateriale frå ulike hald i kyrkja og blant aldersgruppa. Strategien frå Kyrkjerådet si side er å leggje vekt på *involvering av ulike fagmiljø i kyrkja, kartlegging, innsamling og deling av erfaringar på nettstaden [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no), og utvikling og utprøving av nye tiltak.*

Etter Kyrkjemøtet i 2009 har Kyrkjerådet fylgt opp vedtaket gjennom ulikt utviklingsarbeid og vil her gjere greie for dei grepa som er tekne for å setje i gang ei rørsle i kyrkja.

### **Utviklingsarbeid**

#### **1 Visjonen**

«Aldersgruppa 18–30 skal erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament» er innarbeidd i visjonsdokumentet for Den norske kyrkja 2009–2014 – «I Kristus – nær livet». Denne visjonen har vore utgangspunkt for utviklingsarbeidet med å identifisere og kommunisere på kva måte visjonen kan verte til fornying og realitet. Utviklingsarbeidet Kyrkje 18–30 har arbeidd ut frå spørsmåla:

- Korleis kan aldersgruppa 18–30 erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament?
- Korleis kan Den norske kyrkja medverke til at dette kan skje?

#### **2 Kartlegging og innsamling av erfaringar**

På bakgrunn av vedtaket frå Kyrkjemøtet har Kyrkjerådet henta inn erfaringar frå aldersgruppa og frå ulike hald i kyrkja for å få fram ressursar og utfordringar i denne aldersgruppa. Dei to undersøkingane var tema på ein brei konsultasjon hausten 2011 der fagfolk frå dei kristne ungdoms- og misjonsorganisasjonane, folkehøgskular, studentprestar, fagforeiningar, kyrkjelydar og utdanningsinstitusjonar deltok med innlegg og responsar. Mange av funna i kartleggingane understrekar forhold som ein allereie antok. Det er samstundes viktig med ein fagleg refleksjon omkring slik dokumentasjon, slik at det kan gi peikepinnar for retning og fokus:




### Synovate-undersøkinga: «Ung i kirken 2010»

Korleis nyttar unge vaksne mellom 18 og 30 kyrkja? Kva haldningar og forventningar har dei i høve til kyrkja? Finst det i det heile nokre samanfall mellom det unge vaksne opplever at kyrkja er oppteken av, og det dei sjølve er opptekne av? Desse spørsmåla, og fleire andre, stod i fokus i undersøkinga «Ung i kirken 2010», som Synovate utførte på oppdrag frå Kyrkjerådet i 2010. Ei landsrepresentativ gruppe av unge mellom 18 og 30 år var målgruppa for undersøkinga. «Ung i kirken 2010» tek føre seg ei rekkje spørsmål knytte til unge vaksne og kyrkja.


Denne presentasjonen<sup>1</sup> tek føre seg to aspekt ved undersøkinga: gapet mellom kva unge vaksne opplever som viktig, og kva dei opplever at kyrkja er oppteken av – og spørsmålet om kor vi finn dei største interaksjonsflatene mellom unge vaksne og kyrkja – nemleg høgtidsmarkeringar og kasualia. Medan mange av bidragsytarane innan kyrkjevekst-/kyrkjelydsutviklingsfeltet er opptekne av gapet mellom unge vaksne og kyrkja, har tema som høgtidsmarkeringar og kasualia vore heller lite framme i litteratur om kyrkjelydsutvikling. Dei har like eins fram til 2010 i liten grad vore framme i Den norske kyrkja si satsing på ungdom i aldersgruppa 18–30. Undersøkinga syner at det er visse skilnader mellom det unge vaksne synest er viktig i livet, og det dei same menneska opplever at kyrkja fokuserer på. Her er svara på to av spørsmåla i undersøkinga:

Spm:4 \*\* Hvor viktige er følgende områder/tema for deg i livet ditt?



<sup>1</sup> Birgitte Lerheim, forskar ved Teologisk fakultet ved Universitetet i Oslo, var konsulent for å summere opp Synovate-undersøkinga. Materialet vart også nytta som grunnlag i hennar kapittel i boka «Menighetsutvikling i folkekirken» Prismet bok, 2012.

Spm:9 \*\* I hvilken grad opplever du at kyrkja har fokus på følgende?



Den norske kyrkja har det siste tiåret satsa sterkt på område som fellesskap, barn og unge, gudsteneste, fred, rettferd og miljø. Dette synest å nå fram til ein viss grad, men ikkje heilt. Til liks med familiekjensle og venskap kan mesteparten av det som her er nemnt, seiast å samsvare med tradisjonelle *kristne* verdjar. Dei unge vaksne sjølve synest likevel ikkje å kople så sterkt mellom sitt eige og kyrkja sitt fokus på desse verdiane. Heller ikkje gjer dei ei kopling mellom eiga tilslutning til desse verdiane og kristen tru. Det er òg viktig å merke seg at unge vaksne opplever at kyrkja i veldig liten grad har fokus på temaet utdanning og karriere, medan dei sjølve opplever dette som særskilt viktig i deira liv.

**Bruker kyrkja ved høgtider og store hendingar i livet**

Kan hende lèt både familie- og tradisjonsfokuset til unge vaksne seg spore i korleis dei bruker kyrkja: Heile 95 % har teke del i gravferd – 32 % av desse siste året. 76 % har vore til stades ved kyrkjeleg brurevigsel – 29 % av desse siste året. Eit nesten tilsvarande tal finn vi når det er snakk om høgtidsfeiring i kyrkja (jul, allehelgensdag, påske og liknande). For dåp er tala 82 % i det heile – 23 % av desse siste året, for konfirmasjon er tala 85 % i det heile – 20 % av desse siste året. Kyrkjelege handlingar og høgtidsgudstenester kan med dette seiast å utgjere dei største interaksjonsflatene mellom Den norske kyrkja og snittet av vaksen ungdom. Etter desse er det musikk- og kulturarrangement som gir størst utslag dersom unge vaksne skal velje å delta meir i kyrkja.

Det vil kanskje overraske mange at unge er så opptekne av tradisjonar. Men dette samsvarer med funn frå den store konfirmantundersøkinga i Noreg som vart publisert i

2010. Nokre gonger vert «tradisjon» som argument for deltaking i kyrkjelege handlingar som dåp og konfirmasjon framstilt som uautentisk eller ueigentleg, både frå humanetisk hald og frå enkelte kristelege miljø. Ein av forskarane bak konfirmantundersøkinga har peika på at tradisjonsmedvit mellom unge menneske truleg også handlar om ei *aktiv* tilslutning til det innhaldsmessige som vert formidla i tradisjonen. I tillegg har kyrkja sin tradisjon og truspraksis ei viktig rolle i å medverke i identitetsdanninga, ved at det gir hjelp til å sjå sitt eige liv i ljøs av ei lengre historie. Det er såleis kan hende gode grunnar for ikkje berre å sjå tradisjon som noko folk passivt slengjer seg med på, men òg som noko folk faktisk synest er viktig i livet.

### **Questback-undersøkinga: Unge vaksne – ei gløymd gruppe i stor mobilitet?**

Våren 2011 gjorde Kyrkjerådet ei kartleggingsundersøking om erfaringar og strategiar med unge vaksne blant kyrkjelege organisasjonar, studentprestar, feltprestar, alle kyrkjelydar og bispedømeråd. Rapporten frå undersøkinga<sup>2</sup> skildrar unge vaksne i aldersgruppa 18–30 som ei «gløymd gruppe» i kyrkja sine arbeidsområde, og fleire uttrykkjer at dei saknar arbeid for studentar eller unge vaksne. Midt i satsinga på trusopplæring for barn og unge opp til 18 år, gudstenestereform, demokratireform, salmebokreform og kyrkjesforlik etc. er det gjennomgåande i svara at fokus på unge vaksne har ein tendens til å verte nedprioritert på grunn av ressursmangel, trass i at det vert opplevd som eit viktig arbeid og ei viktig gruppe. Ei rekkje av svara nemner at det vil vere heilt naudsynt å få tilført økonomiske midlar for å kunne satse meir på unge vaksne.

#### **Mobilitet**

Kva er det som gjer at unge vaksne, ifylgje mange av svara, er ei utfordrande gruppe for kyrkja å leggje til rette relevante møtestader for? Eit særpreg for unge vaksne som gruppe er at dei i mykje større grad enn resten av befolkninga er mobile. Dette gjeld ikkje berre geografisk, men også sosialt, miljømessig og utdanningsmessig. Og nettopp eit mønster av fråflytting og tilflytting pregar svara frå respondentane. Særskilt på mindre stader og bygder opplever ein at denne gruppa ofte flytter bort når dei er ferdige med vidaregåande skule. Dette er dermed ei fråverande gruppe for ei rekkje kyrkjelydar, samstundes som det andre stader er mange som vert verande i bygda, men då med eit sparsamt kyrkjeleg tilbod retta spesielt mot dei. Det er eit mønster i denne undersøkinga at kyrkjelydane erkjenner dette.

#### **Relasjonsbygging**

Nokre spørsmål i undersøkinga handlar om kor vidt kyrkjelyden har erfaringar, idear eller strategiar for å fylgje opp ungdomar som flytter frå heimstaden, og korleis desse i så fall vert fylgde opp. Svara dreier seg i stor grad om ulike former for relasjonsbygging både før dei dreg og medan dei er borte. Dette gjeld både i form av kyrkjelydens ungdomsarbeid og forsøk på å inkludere dei i det vaksne fellesskapet før dei flytter, og sendingsritual og «kurs i å flytte heimanfrå». Unge vaksne vert også gjerne bevisst trekte inn i ulike oppgåver i kyrkjelyden, for eksempel trusopplæring, gudstenesteutval og ikkje minst som medarbeidarar på leir for barn og ungdom.

---

<sup>2</sup> Tone Stangeland Kaufman, forskar ved Det teologiske Menighetsfakultet, var konsulent for å summere opp Questback-undersøkinga.

## Informasjon og kommunikasjon

Svara peikar på ulike måtar å kome i kontakt med nytilflytte på: gjennom å hengje opp plakater på lokalbutikken eller på studentbustadar, leggje informasjon i postkassa, bruke sosiale medium og rekruttering gjennom personleg kontakt. Eit anna tiltak er å fylgje opp unge vaksne som flytter frå heimstaden, ved å gi informasjon om tilbod i kyrkjelydar og ulike kristne møtestader i byar/stader som unge vaksne flytter til. Ein respondent fortel at dei pleier å ta med ungdomane på ekskursion til ein kyrkjelyd lokalisert på ein aktuell studiestad.

## Studentar

Som tidlegare nemnt er studentar og unge vaksne utan barn mykje oftare på flyttefot enn det familiar vanlegvis er, og dei er av den grunn i mindre grad forankra i eller knytte til eit lokalmiljø. Dermed vert geografi og det å høyre til i ein kyrkjelyd basert på bustadadresse mindre viktig, noko fleire respondentar peikar på. Dei etterlyser eit tilbod til denne gruppa som går utover tradisjonelt arbeid innanfor dei geografiske soknegrensene. Nokre av respondentane er studentprestar som representerer utdanningsinstitusjonar. Desse har naturleg nok eit anna perspektiv enn dei som svarer ut frå ein kyrkjelyds- eller bispedøme kontekst. Studentprestane vektlegg kor viktig det er å ikkje objektivere unge vaksne som ei målgruppe. Dette vert særleg opplevd som ein fare ved bruk av omgrepet «kyrkjas arbeid med ...». Respondentar frå utdanningsinstitusjonar legg også vekt på det diakonale aspektet og kjem i kontakt med studentar som opplever eit stort press på å vere vellukka. Studentprestane har høve til å snakke med studentane om dei erfaringane som ein kan gå åleine med, og tilby utradisjonelle møtestader og tiltak, som for eksempel sorggrupper.

## Gudstenester

Ei rekkje av svara peikar på at det er naudsynt å kunne tilby unge i alderen 18–30 år skreddarsydd eller spesialtilpassa gudstenester. Her peikar ein særleg på at gudstenesta skal angå livet deira og berøre dei. Difor er det viktig å vere i dialog med ungdomskulturen, slik at til dømes det musikalske og estetiske uttrykket kjennest relevant. Dette har også Ungdommens kyrkjemøte i særleg grad vore oppteke av fordi det er avgjerande for folkekyrkja at unge vaksne finn sin plass i kyrkjens gudstenestefeirande fellesskap. Studentkyrkjelydane, Storsalen i Oslo, Norkirken i Bergen, Imikirken i Stavanger og «Majorstua kirke – for unge voksne i Oslo» er nokre døme på organisasjonar/kyrkjelydar som har oppretta samlingsstader og gudstenester retta særleg mot unge vaksne.

## Sosiale møtestader

Ein respondent peikar på at denne gruppa i særleg grad etterlyser høg kvalitet på det dei er med på, og at dei ser på si eiga fritid som dyrebar. Her må tilbodet frå kyrkjelyden konkurrere med deltidsjobbar og studium. *Korarbeid* er eit av dei tiltaka som oftast går igjen i svara, og det står sterkt som metode innan kristent ungdoms- og unge vaksne-arbeid i Noreg. Vidare vert det trekt fram tiltak som *smågrupper* av ulike typar, som til dømes *samtalar om eksistensielle spørsmål*, både i gruppe og ein til ein, *undervisningsopplegg* eller *temakvelder*, *leiaroppgåver* og *diakonalt arbeid*.

Måltidsfellesskap er eit stikkord her. Gjennomgåande i svara er atdesse møtestadene er fora for «den gode samtalen» og det *sosiale aspektet*. Undersøkingar viser at dei som finn

vegen til kyrkjelege fellesskap i denne aldersfasen, gjer det gjennom relasjonar og eksistensielle livsfaseerfaringar. Og dei vert verande fordi desse fellesskapa vert ein meningsberande del av kvardagen.

### Kasualia og familiarbeid

Respondentane opplever at fleire unge vaksne vender attende til heimstaden når dei ynskjer å etablere seg med familie og hus. Då er det mogleg å ”kople dei på” att som foreldre, via barna. Eit mønster i svara er at kyrkjelydane kjem i kontakt med unge vaksne i den aktuelle målgruppa gjennom trusopplæringstiltak, småbarnstreff, babysong og familiarbeid. For den same gruppa vert òg casualia nemnt som eit viktig møtepunkt. Dette gjeld ikkje minst vigsel- og dåpssamtalar. Medan dei fleste snakkar om «dåp» eller «dåpssamtalar», nemner ein òg «dåpssamlingar», der fleire dåpsforeldre er samla til undervisning og samtale om dåp og sjølve dåpshandlinga. Det er òg ein stad for å knyte kontakt mellom dåpsforeldra dersom det er lagt til rette for at dei kan verte litt kjende. Eit anna konkret forslag er å gjere vigselssamtalen om til eit samlivskurs for fleire par og over eit større område.

### Nokre fokus for vidare arbeid

Kartleggingane som det er referert til her, har vore viktige bidrag for å avdekkje nokre område og har medverka til læring som gir retning for vidare arbeid/fokus. Mange kyrkjelydar har satsa målretta på å utvikle eigne, alderstilpassa gudstenester og andre tilbod for denne målgruppa. Men korkje slike gudstenester eller vanlege høgmesser er mykje besøkte av unge vaksne. Berre 12–13 % av respondentane har teke del i slike siste året. Nærare halvparten av dei spurde har ikkje vore i slike gudstenester *i det heile*. Møtestadene mellom kyrkja og unge vaksne er såleis langt større og meir omfattande enn kyrkja sine *særtiltak* for denne aldersgruppa.

Unge menneske ber med seg relasjonar og verdiar inn i kyrkja. Kyrkja bør medverke til at folk får reiskapar til å tolke livet sitt, med dei relasjonane og verdiane dei på godt og vondt ber med seg, innan eit kristent trusparadigme. Tema som høgtidsfeiringar og kyrkjelege handlingar som dåp, gravferd, bryllaup og konfirmasjon har vore lite framme i samtalen om møta mellom kyrkja og unge vaksne. Svara frå unge vaksne syner òg at kyrkja i større grad kan vere relevant som musikk- og kulturarena. I arbeid med kyrkjelydsutvikling vil truleg ei aktiv styrking av desse arenaene som møtestader mellom unge vaksne og kyrkja vere viktig, ikkje berre for at kyrkja skal gi den einskilde livstolking og livshjelp, men også når det gjeld tradisjonsformidling og erfart fellesskap.

## 3 Fagutvikling og utprøving

På bakgrunn av dette erfaringsmaterialet har Kyrkjerådet sett i gang ei rekkje tiltak:

### *Inspirerende ressursar*

Vedtaket frå Kyrkjemøtet i 2009 oppmoda om å lage inspirerende ressursar. Kyrkjemøtet meinte at ressursdokumentet «Myndig tru – mangfaldige fellesskap» var eit godt utgangspunkt, men at det måtte gjerast mindre akademisk og meir presist. Grepet som er teke, er at det kontinuerleg vert publisert nettartiklar på [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no). Det vart oppretta direkte kontakt med kyrkjelydane og bispedøma gjennom ei utsending av brev og magasinet STREK nyttåret 2010/2011 med oppmoding om å bruke artiklane frå

magasinet og på nettstaden til å ta opp temaet i ulike utval eller grupper lokalt og regionalt.

Målet er at nettartiklane kan vere ressursar for kyrkja og medverke til inspirasjon og refleksjon for å rette fokuset mot aldersgruppa 18–30. Nettartiklane har overskrifter som freistar å konkretisere nokre av omgrepa i visjonen og aktualiserer tema knytte til unge vaksne i kyrkja, mellom anna ut frå tema frå dokumentet «Myndig tru – mangfaldige fellesskap», tema frå undersøkingane og UKM sine innspel i fleire saker.

Her er ei oversikt over dei nettartiklane som ligg på nettsida:

### **Livsnær og relevant:**

- «Kirken må bli mer som IKEA» – om at kyrkja må leggje til rette slik at personar i alle livsfasar kan få ta del i sakramenta, forkynninga og fellesskapet.
- «Fikk bilde av munk – begynte å lete etter Gud» – om filmen *Gunnar Goes God* som inspirasjon til å starte samtalar om eksistensielle spørsmål med unge vaksne.
- «Tid til å erfare Guds nærvær» – om at mange unge menneske ikkje erfarer at kyrkja er ein stad ein kan til med sin åndelege lengt. Dei ser ikkje at rituala, symbolspråket og estetikken i kyrkja, og det at kyrkja er ein stad for stille ettertanke, er ein rikdom ein kan ta meir i bruk
- «Meir enn bare babbel» – om babysong som ei naturleg forlenging av dåpssamtalen og om at målet er å møte foreldra der dei er i livet, og skape relasjonar mellom menneske i same livssituasjon.
- «Kyrkja er best på sorg» – om at kyrkja kan tilby eit annleisrom og vere ein samtalepartner i sorgarbeid med unge vaksne, og at kyrkja har eit språk for å snakke om liv og død.
- «Størst av alt er ærligheten» – om at mange par som skal gifte seg, ikkje har erfaring med å snakke om livets realitetar før ein kjem til vigselssamtalen, og kva ein slik samtale kan handle om.

### **Ord og sakrament:**

- «Reform med muligheter» – om forkynning og musikk- og songval som avgjerande for kvifor mange unge vaksne vel bort Den norske kyrkja som gudstenestefellesskap.
- «Ung i kirken» – om kasualia / dei kyrkjelege handlingane som viktige møtepunkt med unge vaksne for å skape ein relasjon til kyrkja.
- «Forkynner om nødvendig med ord» – om at det å leve eit berekraftig liv i lokalsamfunnet er relevant forkynning i vår tid.
- «Utfordrer til nye trospraksiser» – om å byggje alternative former for fellesskap i kyrkja og om å leve i engasjement for verda.

- «Troen som livslang læring» – om å skape arenaer for læring i den kristne trua i religionsmøtas tid.

#### **Relasjonar og fellesskap:**

- «Unge voksne trenger H-melk» – om å behalde unge vaksne i kyrkjelyden etter ungdomsarbeidet.
- «Apostler anno 2012» – om å leve livet saman i mindre fellesskap.
- «Utvidet Valentine» – om å arrangere ein kveld for alle med fokus på fellesskapet på ein merkedag som i samfunnet elles har mest fokus på kjærleiken mellom to menneske.

#### **Tilgjengeleg:**

- «Lever med åpen dør» – om studentprestane som har samtalen som viktigaste aktivitet.
- «Henger med menigheten hele døgnet» – om å vere tilgjengeleg som feltprest.
- «Kyrkja kjem i andre rekkje» – om innspel frå dei nordiske landa om mellom anna å vere medvandrar i sosiale medium.
- «Ungt fokus ga firedobling» – om korleis kyrkja kan vere til stades i lokalsamfunnet

#### ***Utvikling av tiltak***

Kyrkjerådet ser det som si oppgåve å kunne medverke til å utvikle nye tiltak. Som eit av fleire planlagde tiltak, utarbeidde Kyrkjerådet hausten 2011, i samarbeid med andre fagmiljø, eit nytt tiltak for breidda av unge vaksne der ein møtest kring eit måltid, tema, fellesskap, gudsteneste og kultur. Tiltaket er utarbeidd med døme på meningsfylt innhald som enkelt kan gjennomførast i kyrkjelydane (eventuelt saman med organisasjonane og andre partar). Pilotkyrkjelydar i Oslo og Stavanger testa i 2012 ut konseptet «SAMMEN 18:30» – ein fellesskapskveld med fokus på relasjonar og venskap. Tiltaket kan arrangerast for alle på til dømes ein merkedag som valentinsdagen. Sjå [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no) for meir informasjon. Evalueringane av piloten peika på at dette var eit godt tiltak, og at det var ein suksess å ta eit kommersielt konsept som valentinsdagen og fylle det med nytt kyrkjeleg innhald. Dette møtte eit behov hos unge vaksne om eit annleis fellesskap og eit kyrkjeleg arrangement utan fokus på par/kjernefamilie/barn, og det kan gjerast til ein tradisjon.

#### ***Erfaringsdeling***

Nettstaden [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no) vart oppretta med føremålet å dele erfaringar og gjere ressursar kjende for heile kyrkja. Mange av dei kristne misjons- og ungdomsorganisasjonane har gjennom mange år utvikla program, tiltak og medvit for å vere kyrkje med unge vaksne. Dette kan til dømes vere gjennom ulike former for fellesskap, husgrupper, lag, gudstenester, solidaritetsprosjekt, kurs/temakvelder, korverksemd og festivalar, oppfølging ved flytting, og drift av folkehøgskular, bibelskular og utvekslings-/eittåringssteneste. Organisasjonane er oppmoda om å leggje

lenkjer til slike ressursar på nettstaden, slik at medarbeidarar i kyrkja kan få idear for anten samarbeid eller utvikling av egne tiltak.

#### **4 Involvering, nettverksarbeid og arbeidsform**

I 2010 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Utval for ungdomsspørsmål i Kyrkjerådet (Ufung), ungdomsrådgivar i bispedømeråd, tidlegare prosjektleiar og representant frå kyrkjelydsutviklingsprosjektet på Det teologiske Menighetsfakultet (MF) og rådgivarar i sekretariatet i Kyrkjerådet for å vidareutvikle saka etter Kyrkjemøtet i 2009. Grappa har i særleg grad arbeidd frå hausten 2010 og ut 2011. Ufung og ungdomsrådgivarane i bispedøma har vorte kontinuerleg involverte og har kome med innspel i prosessen. Avdeling for kyrkjelydsutvikling i Kyrkjerådet har hatt saka som felles tema på to møte, og det er gitt innspel til arbeidet med rettleiinga for gudstenestereforma.

Det har vore arbeidd strategisk med kommunikasjon. Det vart sett i verk ein prosess med å utvikle eit namn på saka og ein logo som kunne kommunisere kva for aldersgruppe og innhald denne satsinga handlar om. Resultatet vart å kalle satsinga i kyrkja for «Kirke 18–30» / «Kyrkje 18–30». Nettstaden [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no) vart tidleg oppretta, og sosiale medium som eiga Facebook-side har i nokon grad vore testa ut som ei arbeidsform. På denne måten kommuniserer ein direkte med tilsette og frivillige i kyrkja og organisasjonar – med både innspel og utspel. Det har òg vore samarbeid med [www.ungdomsarbeid.no](http://www.ungdomsarbeid.no) som ressursstad.

Det har over fleire år vorte utvikla eit fagmiljø blant fleire av utdanningsinstitusjonane og organisasjonane som satsar innan ungdomsteologifeltet. Det er for tida fleire forskingsarbeid i gang i Noreg innan ungdomsteologifeltet, som òg er relevant for fokus på unge vaksne i kyrkja. Kyrkjerådet deltek i fora med desse fagmiljøa og medverkar i nokon grad med stimuleringsmidlar gjennom trusopplæringsreforma. Studentprestane og feltprestane er den kyrkjelege tenesta som i stor grad møter unge vaksne mellom 18 og 30 år, og er til stades i kvardagen til unge vaksne der dei er. Deira erfaringar er viktige for kyrkja. Tankesmia (eit forum for samtale mellom praksis og akademia innan ungdomsarbeid) som MF arrangerte i samråd med Kyrkjerådet, hadde Kyrkje 18–30 som tema. Kyrkjerådet samarbeider òg med MF om ein konferanse om ungdomsarbeid kvart andre år. Tema som angår unge vaksne, vert tekne opp her. I tillegg laga MF eit temanummer om unge vaksne i magasinet «Lys og liv» nr. 4/11.

Kyrkjerådet har henta inn erfaringar frå Brorsonkirken i København, som har prøvd ulike former for gudstenester og fellesskap og har delteke på ein teologisk konferanse på Princeton Theological Collage i USA om «Emerging adulthood: Engaging Young Adults in the Life of Faith».

Det har vore viktig å hente inn kompetanse frå andre fagmiljø, mellom anna frå konsulentar, for å arbeide med undersøkingane og skriving av artiklar. Ein konsultasjon/konferanse i 2011 bidrog til at mange fagmiljø og kristne organisasjonar møttest. Ein ringverknad har vore at det skjer nettverksbygging på tvers av miljø der ein har trekt vekslar på erfaringane og kompetansen til kvarandre. Dette har skapt ei rørsle av involverte og sentrale aktørar.



## Vegen vidare

Sjølv om prosessen i kyrkja allereie har medverka til at det er teke strategiske grep, er det behov for ein vidare prosess med fagutvikling innan Kyrkje 18–30. Det vil vere strategisk at kyrkjelydane får hjelp og faglege ressursar til korleis dei kan vere kyrkje for og med unge vaksne. Kartlegginga syner at det er ei gløymd gruppe hos kyrkjelydane, dei synest det er vanskeleg å vite kva dei skal gjere med denne gruppa, eller dei har ikkje tid til å prioritere dette arbeidet saman med alle reformene.

Erfaringsmaterialet som er kartlagt på forskjellig vis, tema som UKM har teke opp dei siste åra, og samspelet med alle reformene og planane i kyrkja er difor utgangspunkt for nokre sentrale område som sekretariatet i Kyrkjerådet vil arbeide vidare med, slik at Kyrkje 18–30 framleis får fokus på alle plan i kyrkja:

### 1 Samspel i plan- og reformarbeid

Den kyrkjelege satsinga på aldersgruppa 18–30 år handlar om å tenkje heilskapleg kring det å vere kyrkje og å arbeide kreativt og kvalitativt for å sameine kyrkja sitt plan- og reformarbeid. Det handlar om korleis ein kan få eit samspel i satsinga på trusopplæring, gudstenesteliv, diakoni, kultur, demokrati og berekraftig utvikling. Kyrkjelydar som arbeider med utvikling av dei ulike planane og satsingsområda, må konkretisere korleis dei kan medverke til ei livsnær, relevant og tilgjengeleg kyrkje med unge vaksne i ulike livsfasar. Dei kan til dømes utfordrast til å kartleggje kva for ressursar dei har i lokalmiljøet, kva dei kan vidareutvikle og om det er behov for å skape nokre nye møtestader.

### 2 Antologi som ressurs

Antologien som fylgjer saka til Kyrkjemøtet i 2013, tek føre seg fleire av dei temaa som er identifiserte gjennom materialet frå kartleggingane. Antologien er tenkt som ein inspirerende ressurs der ein har samla faglege refleksjonar frå ulike fagmiljø, ei samling av erfaringsartiklar og kartleggings- og refleksjonsspørsmål som kan nyttast for å verte meir konkret på korleis kyrkja kan verte meir relevant, livsnær og tilgjengeleg for aldersgruppa 18–30.

Planen er at antologien skal liggje på nettstaden [www.kyrkje18-30.no](http://www.kyrkje18-30.no) og sendast ut i Den norske kyrkja. Målet er at innhaldet kan vere ein ressurs for medarbeidarar i kyrkja og medverke til inspirasjon og refleksjon for å rette fokuset mot aldersgruppa 18–30 i kyrkja. Antologien kan nyttast i råd og utval, i utdanningssamanheng og som innspel til vidare fagleg utviklingsarbeid.

Temaa som det vert reflektert over i antologien, peikar på nokre sentrale område, men er ikkje uttømmende. Dei må difor omsetjast og vidareutviklast lokalt i tråd med alle planar og reformer.

Antologien er delt inn i tre tema med introduksjonstekst:

- Livsnær
- Relevant
- Tilgjengeleg

Kvart tema har eitt eller fleire undertema, som til dømes:

- Om kva det vil seie å vere kyrkje i dag: relasjonell og diakonal kyrkje på tvers av generasjonar, livslang læring.
- Om forkynning: snakke sant om livet og om Gud.
- Om kasualia som livshjelp og livsmeistring: samtalen i samband med kyrkjelege handlingar som viktige tilknytingspunkt for breidda av folkekyrkja.
- Om mangfaldige fellesskap og gudstenester: kyrkja som eit fellesskap med mangfald, deltaking, utvikling av kristen identitet og håp, relasjonsbygging, rom for ulike kulturelle uttrykksformer og engasjement i ulike livsfasar.
- Om å vere kyrkje der folk er: kyrkjeleg nærvær i lokalmiljøet, i utlandet, på studiestader, i militæret, i sosiale medium, på kulturarenaen.

Kvart undertema er systematisert slik:

- innleiing
- faglege refleksjonar
- erfaringar frå nettartiklar som belyser undertema
- kartleggings- og/eller refleksjonsspørsmål knytte til korleis ein kan ta tak i dette

### **3 Nettstad**

Nettstaden [www.kyrkje18-30.no](http://www.kyrkje18-30.no) vert vidareutvikla av sekretariatet i Kyrkjerådet som ein arena for inspirasjon og erfaringsdeling. Nettstaden vil vere ein kommunikasjonskanal for ressursar, artiklar og drøfting.

### **4 Utvikling av tiltak**

Det er naturleg at ein vidare i fagutviklinga tek i bruk dei arenaene som allereie er i kyrkja, til dømes strukturane i bispedøma med ungdomsråd og rådgivarane, fagmiljø/institusjonar og kristne ungdomsorganisasjonar og misjonsorganisasjonar. Det er òg naturleg å oppmode kyrkjelydar og organisasjonane/institusjonane om å gå saman om å medverke til vidare utvikling av tiltak og møtestader.

Samstundes er det òg ei oppgåve for Kyrkjerådet å ta initiativ til utvikling av fleire tiltak i samarbeid med andre fagmiljø. Tiltaket «SAMMEN 18:30» skal vidareutviklast som eit arrangement som breidda av unge vaksne i kyrkja kan inviterast til på ein merkedag som til dømes valentinsdagen. Det er planlagt å utvikle og setje i gang fleire pilotprosjekt. Det gjeld til dømes tiltak innan kyrkjelege handlingar, breiddetiltak på merkedagar, kommunikasjonsformer og temaopplegg.

## 5 Involvering

I utviklingsarbeidet vidare vil sekretariatet i Kyrkjerådet framleis vere i dialog med *organisasjonane og andre sentrale fagmiljø* gjennom ulike former for fagutvikling og konsultasjonar.

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Fagleg oppfølging på nasjonalt hald gjennom drift av nettside, publisering av nettartiklar, fagleg utviklingsarbeid og nettverksarbeid har ein årleg kostnad på kr. 150 000. Fagleg oppfølging vert handsama i etablerte strukturar, i samarbeid med bispedømeråd, organisasjonar og andre sentrale fagmiljø.

Etter Kyrkjemøtet i 2013 vil det i tillegg kome ein kostnad på om lag kr. 150 000 til trykking og utsending av antologi til alle sokneråd, kyrkjeverjer, prostar, bispedømeråd, ungdomsråd, organisasjonar, studentprestar, feltprestar, fagforeiningar, interesseorganisasjonar og utdanningsinstitusjonar. Antologien vert òg seld frå materiellekspedisjonen i Kyrkjerådet og kan dermed gi litt inntekt.

Kyrkjelydane, fellesråda, bispedømeråda og organisasjonane har eit særleg ansvar for at det vert utvikla gode strategiar lokalt og regionalt. For at dette skal vere mogleg, er det naudsynt at det vert prioritert både når det gjeld arbeidstid og økonomi i desse organa.